

Øystre Slidre kommune

Referat

Til:

Beitostølen hytteforening
v/Petter A Knudsen
Beitostølen Vel v/ Erling Eriksen
Jvanlie Vel v/Franz Leonard
Nilsen
Vangsjø Vel v/Rolf Jørn Karlsen

Dykkar ref.:

Vår ref.:

AANJOS - 19/5414

Arkiv:

C85

Vår dato:

18.06.2019

Referat frå møte 17. juni .

Møtedato: 17. juni, kl. 12 – 13.30.

Deltakarar: Petter A. Knudsen Beitostølen Hytteforening, Rolf Jørn Karlsen Vangsjø Vel, Franz Leonard Nilsen Javnlie Vel, Erling Eriksen Øystre Beitostølen vel, ordførar Kjell B. Melbybråten og rådmann Jostein Aanestad.

Bakgrunnen for møtet var førespurnad frå dei fire hyttelaga/velforeiningane om eit møte med kommunen for å drøfte ein samarbeidsavtale mellom desse laga og kommunen. Laga peika på at føremålet med ein samarbeidsavtale er å bidra til å sikre visjonen til kommunen Rein Naturglede og til å ha ein arena for å informere om og drøfte saker som er relevante for hytteigarar/deltidsinnbyggjarar (planarbeid, bruk av eigedomsskattinntektene og andre kommunale gebyr/avgifter, helsetenester m.v.).

Kommunen er positiv til å inngå ein samarbeidsavtale med hyttelaga/velforeiningane og å møtast to gonger i året for å informere om å drøfte saker som er av felles interesse. Kommunen lager utkast til ein samarbeidsavtale og inviterer til neste møte som vert etter konstituering av nytt kommunestyre.

Beste helsing

Jostein Aanestad